

# Skalden frå Sæheim

Johs. M. L. Rydland var ein tru-  
fast målmann. I tale og i skrift  
nytta han nynorsk, fordi det var  
den målforma som var mest natur-  
leg for han, og fordi han såg mål-  
reisinga som ei oppgåve. Kristen-  
dom og norsksdom var ei sameina  
hjartesak han brann for.

Men også målreisinga hadde si-  
ne skuggesider. Støtt skiftande

rettskrivingsformer gjorde meir  
skade enn gagn. Særleg ille tykte  
Rydland det vart då a-forma vann  
heidersplassen i målet og i-forma  
måtte vika. Det burde ikkje gå ut-  
an sverdslag.

I dag presenterer me to dikt som  
syner korleis han ser på desse for-  
mene.